

Dei elektroniske vegane

Skei 8. februar 19

Randi Anne Fauske: Helse Førde HF

Kari Støfringsdal: Flora kommune og KomUT Vest



Kva legg føringar for den elektroniske samhandlinga?

- Nasjonale føringar og rammer.
 - Standardiserte meldingar til ulike formål og mellom ulike partar
 - Standardisert adressering i heile sektoren – eit sett med «godkjende» adresser
- Lokale samarbeidsavtalar
 - Bygd på føringar i samhandlingsreforma og lokalt tilpassa av det einskilde helseføretak og «deira» kommunar.
- Helse Vest sitt behov for å standardisere sine rutiner
 - Like rutiner og felles innføring på tvers av helseføretak
- Sektoren sine behov for å få felles praksis på tvers av regionar.

Korleis arbeider vi med dette nasjonalt, regionalt og lokalt

- Kommunalt utbredelse – KomUt
 - Nasjonalt prosjekt i regi av NHN
 - Organisert i regionale prosjektgrupper
- Helse Vest – regionalt EPJ-fagsenter.
 - Har ansvar for felles innføringar og like rutiner i helseføretaka
- Samarbeidsmøter mellom Helse Vest og KomUT Vest
 - Felles innføringar og avklaringar.
- Nettverksmøter for kommunane i dei tre regionane
 - Meldingutveksling som eit av fleire tema i møta
- SamUT – [Samordningsutvalg](#).
 - Koordinerande bindeledd i sektoren

Om bruken av dei elektroniske meldingane i somatikken

- Tilbakemelding frå kommunane i nettverksmøta:
 - Bestilling på tenester i staden for informasjon om helsetilstand og funksjonsnivå.
 - Melding om innlagt pasient kjem seint
 - Pasient som er meldt utskrivingsklar, vert ikkje utskriven likevel. Kommunen har rigga mottak.
- Tilbakemelding frå Helse Førde:
 - Oppdaterte funksjonskartleggingar
 - Vite kvar pasienten skal ved utskriving

Meldingsutveksling i psykiatrien

- Meldingane inneheld mykje planlegging av møter mm som ikkje høyrer heime i pasientjournalen
- Blir generelt brukt for lite, og har for lite innhald
- Får ofte berre melding om innlagt og melding om utskriven
- Det meste av kommunikasjon mellom kommune og sjukehus går fortatt på telefon
- Må passe på at psykiatrien les og svarar til rett tid
- utfordringar med pasientar som kjem for fort ut av sjukehuset utan at det er varsla
- Viktig å få på plass gode rutinar for samhandling

Nasjonalt arbeide for felles praksis

Kvalitet i innhald i meldingane

- Mange lokale initiativ og like prosessar har gått parallelt mange stader i landet.
- KS fått ansvar og tatt initiativ til ei arbeidsgruppe
 - Mandat: lage nasjonale retningslinjer for minimumsinnhald
 - Representantar både frå spesialisthelsetenesta og kommunar
- Bygger på det som er gjort i regionane.
 - Innleggerappport
 - Helseopplysningar
 - Utskrivingsrapport
- Sendt over til Direktoratet for e-helse og Helsedirektoratet

Veileder i regi av KomUT

- Felles nasjonale k yrereglar.
- Meldingsflyt for dei spesifikke tenesteomr da, bygd p  gjeldande standardar
- Vert oppdatert ved behov
- Elektronisk tilgjengeleg NHN sine sider [her](#)



Innleggingsrapport

Utfordring:

- Helse Vest har etablert praksis på at kommunane ikkje kan sende innleggesrapport før melding om innlagt pasient.

HF sine vurderingar:

- Omsyn til personvernet. Dersom vedkommande ikkje vert innlagt, har HF fått informasjon dei ikkje skal ha.
- Utfordring med å fange opp meldingane. Dei legg seg i «undefinert arbeidsgruppe».

Innleggingsrapport

Kommunane opplever i mange tilfelle at dei har behov for å sende innleggelsesrapporten før dei har fått melding om innlagt:

- Tilsette i kommunale institusjonar er alltid involvert ved innlegging. Behov for å sende elektronisk innleggelsesrapport for å slippe å skrive ut informasjonen og sende med pasienten.
- Ofte legevakt utan grundig kjennskap til pasienten som skriv henvisning.
- Kommunen ansvarleg for at pasienten får koordinert helsetilbod.
- Får ikkje formidla viktig informasjon som er vesentleg for at pasienten skal få rett vurdering og helsehjelp ved innlegging.

Innleggingsrapport

Retningslinjene for bruk av PLO-meldingane er tydelege på at innleggingsrapport kan sendast som første melding:

SamUT Sak 26 og 38 i 2018 :

Vedtak:

SamUT stiller seg bak felles nasjonale rutiner for bruk av innleggelsesrapport og melding om innlagt pasient, og at Veiviser for bruk av PLO-meldinger skal etterleves. SamUT ber alle helseforetak om å tilpasse seg nasjonale rutiner.

Innleggingsrapport

Håndtering av innleggingsrapport til Helse Førde som kjem før pasienten er registrert innlagt legg seg i foretaket si «undefinert arbeidsgruppe» for arbeidsflyt.

Om pasienten blir innlagt innen 24 timer etter at vi har mottatt meldinga - sender vi mottatt melding vidare til aktuelle avdeling.

Om pasienten ikkje er innlagt eller behandla poliklinisk innen 24 timer etter at meldinga er mottatt– sender vi melding til kommunen om at pasienten ikkje er registrert innlagt og at meldingen ikkje blir lest av medisinsk personell.

PLO melding dialysepasienter

Det kan sendes PLO melding frå alle dialysepostane i Helse Førde. Blir sendt når det er behov for oppdatering til kommunen.

For korte oppdateringer til sykepleietjenesten brukes dialogmelding «**Forespørsel**» og «**Svar på forespørsel**».

Ved behov for endra tjenestetilbud i kommunen eller oppdatering til saksbehandlertjenesten kan det brukes «**PLO helseopplysninger**»

Polikliniske notat og epikrise til helse og omsorg

Helse Vest planlegg felles innføring og oppstart.

- Etterspurt frå både føretak og kommunane i fleire år
- Risikoanalyser er gjennomført
- Fleire har allerede motteke testmeldingar
- Planen var oppstart tidleg i januar 19
- Skal opp som sak på fagdirektørmøte i Helse Vest
 - Medfører forsenka oppstart

Helse Vest åpner for å motta henvisning frå omsorg samtidig.

Labsvar til helse og omsorg

I gang med elektroniske labsvar frå Helse Førde

- Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Høyanger, Førde, Naustdal, Eid og Gloppen
- Dei andre kommunane ventar på nye versjonar av sine fagsystem før vi kan starte opp


Må kunne rekvirer lab på same måte som frå fastlegesystema

- Utvikling i PLO-systema er nødvendig
- Ulikt i kva grad dette står på utviklingsplanen til leverandørane

Elektronisk samhandling på ikkje inneliggjande pasientar

- I gang med dialogmeldingar mellom fastlegar og legar i Helse Vest.
- Stort behov for at andre tilsette i helse og omsorgstenestene også skal kunne bruke dialogmeldingar
- Utfordring for spesialisthelsetenesta å fange opp desse meldingane.
 - Ingen muligheit i dagens løysing for å rute dei rett
 - Må eventuelt løysast med manuell overvaking og vidareending
- Ny meldingstype : Helsefagleg dialog
 - Med muligheit for å adressere faggruppe eller person

Tidsplan



Helse Vest – endrar namn på tenesteadresser

Nasjonale føringar for adressering vert innført

- Helse Vest har 172 tenesteadresser som må endrast
- Det er identifisert 40 – 50 tenesteadresser som kan slettast
- Helse Vest skal ha klar ein plan om ikkje lenge på korleis og kva tid dette vil bli gjort.
- Konsekvensar for kommunane og fastlegane:
 - **NB!!!** Viktig å informere internt. Viktig for dei som henviser.
 - Det vil sikkert verte behov for å rydde internt i systema.

Helse Vest – fjerner PLO-postfiks på kommunenavn i DIPS rekvirentregister

Bakgrunn for endringa er at kommunerekvirent i Dips skal brukast til fleire formål enn pleie- og omsorgsmeldingar. Det er difor beslutta at PLO postfiksen skal fjernast frå kommunenavnet i DIPS.

Kommunens navn skal i DIPS framstå med KUN kommunenavn, uten «PLO» bak.

Navnet til kommunen skal fortsatt stå med BLOKKBOKSTAVER.

For eksempel – FØRDE KOMMUNE

Tjeneste vil då framstå som f eks *Sykepleietjeneste, Førde kommune.*

Helse Vest – fjerner PLO-postfiks på kommunenavn i DIPS rekvirentregister

Kva betyr dette for brukarane av Dips:

Ved registrering av PLO-kommune på pasient vil det ikkje lenger stå PLO bak navnet på kommunen.

Kommunerekvirenter som kan brukes til registrering av PLO kommuner vil vere den einaste rekvirenten som står med kun kommunenavnet, og i BLOKKBOKSTAVER.

Det blir sendt ut informasjon i foretaket om- og når endringane blir gjort. Foreløpig plan for endring er **19. februar**.

Elektronisk meldingsutveksling med helsestasjonane


I gang med e-meldingar til/frå alle helsestasjonane i fylket.

- Epikrise ved fødsel:
 - Epikrise på mor skal til jordmortenesta og fastlege
 - Epikrise på barn skal til helsestasjonstenesta og fastlege
- Henvisning frå helsestasjon
 - Jordmor – henviser til ultralyd
 - Helsestasjonslege henviser
- Fortsatt vert noko sendt på papir
- Labsvar ikkje i denne omgang – kjem seinare

Pasientens legemiddelliste

- Stort fokus på legemiddelområdet i helsesektoren
 - Pasientens legemiddelliste tilgjengelig gjennom Kjernejournal
- Ny forskrivingsmodul utvikla i løpet av 2019
 - Til bruk for alle aktører i sektoren
 - Inkluderer multidose
 - Planlagt utprøving i 2020
- Helse og omsorg – tilgang til Kjernejournal i løpet av 2020
- Pasientens legemiddelliste
 - Utprøving i 2020/21
 - Innføring fra 2022

Løsningene på legemiddelfeltet bygger på hverandre



Samhandlingsverktøy for individuell plan

- Ein individuell plan er brukaren sin plan
- Plikta til å tilrettelegge og følgje opp er forankra i lovverk og [veileder](#)
- Heile fylket har avtale på SamPro
 - Eit verktøy for samhandling og koordinering av arbeidet med individuell plan
 - Ikkje eit EPJ-system
 - Einaste elektroniske plattformen vi har som når alle tenesteytarane i tillegg til planeigaren

Melde behov for Individuell plan

Foretaka skal kunne sende melding om behov for individuell plan elektronisk til sakshandsamartenesta i kommunane.

Det vil bli oppretta ein regional mal som kan sendes elektronisk.

Mottakere som ikkje er elektroniske vil få papirutskrift tilsendt.

Framtida med dokumentdeling

- Neste praksis
- Både DIPS og EPJ-leverandørane til kommunane og fastlegar er i gang
- Fortsatt litt tid før det er på plass
- Eit steg til på vegen til betre samhandling

